

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
26/078	Formannskapet	08.09.2026

Detaljreguleringsplan Rysjedalsvika ferjekai - Høyring og offentlig ettersyn**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11, vedtek Planutvalet at framlegg til reguleringsplan "Detaljreguleringsplan Fv.57 Rysjedalsvika ferjekai" - Plan-ID: 2025001, vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.

Vedlegg i saka:

19.08.2026	Plankart_Rysjedalsvika_ferjekai_290626.PDF
19.08.2026	Planskildring_Rysjedalsvika_ferjekai_010726-11b1b47b-4180-4b0a-8331-628255adc7f8.PDF
19.08.2026	Maritimt grunnlag Rysjedalsvika_210526.PDF
19.08.2026	Geoteknisk notat reguleringsplan_030626.PDF
19.08.2026	Trafikk- og mobilitetsanalyse_210526.PDF
19.08.2026	Føresegn_Rysjedalsvika_ferjekai_010726-c0bccd3d-4aa9-4f3a-b16c-d07a5672dfb6.PDF
19.08.2026	Fareseone_skred_Vedleggshefte_270326.PDF
19.08.2026	Faresoneutredning skred i bratt terreng_270326.PDF
19.08.2026	Kulturmiljø_200526.PDF
19.08.2026	KU Vassmiljø og Naturmangfald_030626.PDF
19.08.2026	Miljøoppfylgingsplan med miljørisiken_260526.PDF
19.08.2026	Klimagassberekning Rysjedalsvika ferjekai_130526.PDF
19.08.2026	Bølger og overskylling Rysjedalsvika_060526.PDF
19.08.2026	VA-rammeplan Rysjedalsvika_150526.PDF
19.08.2026	Teikningshefte_Rysjedalsvika_ferjekai_120626.PDF
19.08.2026	Illustrasjonsplan_Rysjedalsvika_ferjekai_100626.PDF
19.08.2026	Merknadsskjema_oppstart_Rysjedalsvika_ferjekai_190526.PDF
19.08.2026	ROS-analyse_Rysjedalsvika_ferjekai_280526.PDF
19.08.2026	Støyfaglig utredning reguleringsplan Rysjedalsvika ferjekai_050526.PDF
19.08.2026	Ingeniørgeologisk notat til reguleringsplan_Rysjedalsvika ferjekai_230326.PDF
19.08.2026	Mottatte merknader til oppstart.PDF

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11
Reguleringsplan for Rysjedalsvika, plan-ID 2006002
Kommuneplanen sin arealdel 2009-2020
Naturmangfaldlova

KVA GJELD SAKA:

Første gongs handsaming av planframlegg til Detaljreguleringsplan for Rysjedalsvika ferjekai, plan-ID 2025001.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Det ligg føre planframlegg til detaljreguleringsplan for Rysjedalsvika ferjekai. Forslagsstillar er Vestland fylkeskommune.

Detaljreguleringsplanen har som føremål å legge til rette for ei ny ferjekai, samt infrastruktur på land knytt til ferjekai. Den nye kaia skal erstatte dagens kai, som har behov for oppgradering og ikkje er tilrettelagd for elektrifisering. Ny ferjekai vil etablerast som eit mellomstort samband, til forskjell frå dagens småsamband. Planen legg opp til ei meir berekraftig løysing, der ny kaiutforming med ladeinfrastruktur vil gje ei grønare drift.

I følgje Vestland fylkeskommune har dagens ferjekai betydelege tekniske manglar, oppfyller ikkje dagens krav til mellomstort samband og er ikkje tilrettelagd for elektrifisering. Planforslaget omfattar ny tilleggingskai, ny brubås, ladeinfrastruktur, omorganisering av landareala og betre løysingar for parkering, kollektivtransport og universell utforming.

Rysjedalsvika ferjekai er ein del av ferjesambandet Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella og fungerer òg som knutepunkt for hurtigbåttrafikk. Kaianlegget har gjennom fleire år hatt utfordringar knytt til teknisk standard, kapasitet og klimatilpassing. Delar av eksisterande kai er stengde grunna skadar i konstruksjonen.

Planprosess

Hyllestad kommune mottok planinitiativ og bestilling av oppstartsmøte frå Vestland fylkeskommune, i brev datert 31.03.2025.


Det blei gjennomført oppstartsmøte mellom Hyllestad kommune og Vestland fylkeskommune den 28.05.2025. I møtet blei det konkludert med at Hyllestad kommune godkjenner oppstart av detaljreguleringsplan, med krav om konsekvensutgreiing for tema forureining (knytt til støy) og naturmangfald.

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i avisa Firda 12.06.2025, samt på Hyllestad kommune sine heimsider. Varselbrev blei også sendt til naboar og berørte sektormynder, datert 12.06.2025. Frist for å komme med innspel til planoppstarten blei sett til 13.07.2025.

Det kom inn totalt 7 merknadar/uttalar til varsel om planoppstart. Av desse var 1 merknad frå privat, mens 6 uttalar var frå sektormynder. Desse er kommentert i eige merknadsskjema og samanfatta under vurdering.

Planområde

Planområdet er lokalisert i og rundt eksisterande ferjekai på Rysjedalsvika, og omfattar neset som stikk ut i sjøen i sør og eit større areal i sjø. Planområdet omfattar eit areal på totalt 70 daa.



Figur 1 - Plankart, detaljreguleringsplan

Arealformål og gjennomføring

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for ei ny ferjekai, samt infrastruktur på land knytt til ferjekai. I planen er det lagt opp til følgjande arealformål:

- Næringsbygningar (NÆ)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (SMB)
- Uthus, naust eller badstue (UNB)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (ST)
- Veg (V)
- Anna veggrunn, grøntareal (AVG)
- Kai (KAI)
- Samferdselsanlegg eller teknisk infrastruktur kombinert med andre angitte hovudfremål (SAA)
- Naturområde (GN)
- LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk og gards--tilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag (LNF)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (BSV)
- Hamneområde i sjø (HOS)

Hovudføremålet innanfor planområdet er samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Dette omfattar mellom anna ferjekai (o_KAI), oppstillingsareal og køyreareal (o_ST), veg (V) og kombinert formål for kai og samferdsle (o_SAA). Desse areala er organiserte slik at funksjonane knytte til trafikkavvikling, oppstilling og omstiging får ein samanhengande struktur. Samstundes er det lagt inn annan veggrunn – grøntareal (o_AVG) for å avgrense trafikkareal og tilpasse anlegget til terreng og omgjevnader.

Kaianlegget er regulert gjennom arealformålet kai (o_KAI) på land og hamneområde i sjø (HOS). Desse areala skal sikre tilstrekkeleg plass til kailiggje, manøvrering og tekniske installasjonar knytt til

ferjedrift og hurtigbåt. I tillegg er det regulert areal til bruk og vern av sjø og vassdrag (BSV), som skal ivareta omsyn til ferdsel, miljø og samspel med omkringliggjande sjøområde.

Vidare er det sett av areal til bygningar og anlegg (NÆ) som kan nyttast til næringsverksemd og servicefunksjonar knytt til kaia. Desse areala opnar for etablering av småskala næring og lettare industri på kaiområdet. Området kan og nyttast til funksjonar som understøtter drifta av transportknutepunktet og gi høve til etablering av nødvendige funksjonar for reisande og drift. Samstundes vert delar av planområdet regulert til LNFR-område (LNFR1), der eksisterande arealbruk i hovudsak vert vidareført og større inngrep avgrensa. Fureholmen er sett av til Naturområde (GN) i samsvar med dagens bruk.

Vestland fylkeskommune legg i planen opp til ei trinnvis og fleksibel gjennomfør av utbygginga innanfor planområdet. Reguleringa legg til rette for fullskala utbygging av ferjekai og landareal, men gir samstundes handlingsrom for tilpassing i vidare prosjektering og gjennomføring.



Figur 2 - Illustrasjonsplan

VURDERING:

Forholdet til overordna planar

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget er i samsvar med nasjonale, regionale og kommunale målsettingar om utsleppsreduksjon, elektrifisering av transportsektoren og utvikling av robuste transportløyningar. Planen er i tråd med kommuneplanen sine mål om gode samband og vidare utvikling av Rysjedalsvika som viktig kollektivknutepunkt.

Trafikk og mobilitet

Planen vil gje ein vesentleg meir oversiktleg trafikkstruktur enn dagens løysing. Det vert etablert eigne areal og tryggare koplingar mellom ferje, hurtigbåt, buss og parkering. Det er lagt særleg vekt på tilhøva for mjuke trafikantar og universell utforming. Kommunedirektøren vurderer dette som ei klar styrke i planframlegget.

Klima og elektrifisering

Elektrifisering av sambandet er eit sentralt mål med prosjektet. Planen legg til rette for permanent ladeinfrastruktur og nødvendige energianlegg. Klimagassvurderingane viser at elektrifiseringa av ferjesambandet kan gje eit årleg utsleppskutt på om lag 1 700 tonn CO₂.

Naturmangfald og miljø

Planområdet ligg i eit område med registrerte marine naturverdiar, sjøfugl og gyteområde for fisk. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for naturmangfald og vassmiljø, og planen inneheld omfattande avbøtande tiltak og miljøkrav. Dette omfattar mellom anna miljøoppfølgingsplan, restriksjonar på arbeidstid i sjø og krav til handtering av forureining og framande artar. Kommunedirektøren vurderer at natur- og miljøomsyna er tilfredsstillande ivaretekne i planframlegget.

Samfunnstryggleik

Det er gjennomført ROS-analyse. Risiko knytt til stormflo, flaum, anleggsfase og teknisk infrastruktur er følgt opp gjennom omsynssoner, føresegner og rekkefølgjekrav. Kommunedirektøren vurderer at planområdet er eigna for føresett utbygging når dei avbøtande tiltaka vert gjennomførte.

Konsekvensutgreiingar (naturmangfald og forureining)

Konsekvensutgreiing for vassmiljø og naturmangfald konkluderer med ubetydelege konsekvensar for både vassmiljø og naturmangfald, under føresetnad av at føreslegne avbøtande tiltak vert gjennomførte. Tiltaket medfører ikkje varig negativ påverknad på vassførekomstane eller registrerte naturverdiar, medan eventuelle negative verknader er avgrensa til anleggsfasen. Det er lagt opp til særskilde tiltak knytt til undervassstøy, gyte- og hekkeperiodar, sedimenthandtering og kontroll med framande artar.

Støyutgreiinga viser at ingen eksisterande støyfølsame bygg vert utsette for støy over gjeldande grenseverdiar, verken frå vegtrafikk, ferjedrift eller eit eventuelt framtidig nattlegge for ferje. Det er difor ikkje behov for permanente støyreduserande tiltak.

VAO-rammeplan

VA-rammeplanen dokumenterer at planområdet kan forsynast frå kommunalt vassnett, men at eksisterande leidningsløyising må erstattast. Overvatn, avløp og eventuell brannvassforsyning skal avklarast og dimensjonert i vidare detaljprosjektering.

Økonomiske konsekvensar

Planframlegget legg ikkje direkte økonomiske forpliktingar på Hyllestad kommune utover ordinær plansakshandsaming, men kan få økonomisk påverknad for Hyllestad kommune ved seinare utbygging.

Planframlegget legg opp til kommunal vassforsyning, men at eksisterande leidningsnett må erstattast. Dette må avklarast vidare i samråd med Hyllestad kommune.

Hyllestad kommune eig eigedom gbnr 84/24, der terminalbygget og lagerbygget står i dag.

Planframlegget legg opp til innløyising av eigedom og sanering av all bygningsmasse. Lagerbygningen er den einaste lagerbygningen Hyllestad kommune har i dag. Terminalbygget har Hyllestad kommune gode leigeinntekter på. Hyllestad kommune har innhenta takst på eigedomen, og forventar at Vestland fylkeskommune imøteser kommunen sine krav i høve innløyising. Dette for å bl.a. dekke inn kostnad med å føre opp my lagerbygning.

Kommunedirektøren si samla vurdering

Kommunedirektøren vurderer at planframlegget er godt utgreidd og gjev ei robust og framtidsretta løyising for ferjesambandet i Rysjedalsvika. Planen vil styrke transportsystemet, leggja til rette for elektrifisering, betra trafikktryggleiken og sikra betre tilhøve for reisande.

Kommunedirektøren tilrår difor følgjande:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11, vedtek Planutvalet at framlegg til reguleringsplan "Detaljreguleringsplan Fv.57 Rysjedalsvika ferjekai" - Plan-ID: 2025001, vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.